



Frode Gravdal  
Eidaveien 598  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1878 - 14/6210

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
18.03.2014

## Svar på søknad om etablering av ny avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 233/72 Eide indre

Teknisk drift syner til brev motteke 23.02.2014 vedkommande søknad om løyve til etablere ny avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 233/72, Eide Indre. Teknisk drift vil gje løyve til etablering av ny avkjørsle på følgjande vilkår (standar krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43 og vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne sne på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt kart datert Teknisk drift, VVA, 17.03.2014.
- Kvar eigedom får berre eit avkjøringsløyve. Eksisterande avkjørsle mot kommunal veg (Kv. 23) i NV del av eigedom skal fysisk stengast. Avkjøringsløyve her, fall med dette bort.

Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Det er §§ 40-43 i Veglova, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentleg veg, samt vegnormal 017 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*



Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20140318094510

**Kopi til:**

Siril Therese Sylta

**Mottakarar:**  
Frode Gravdal

Eidaveien 598 5993

OSTEREIDET